


BOKN BYGDABLAD

Nr 8 - Oktober 2000 - Årg. 15



Mortakast - s. 8



Amerikansk lesar - s. 12




Ventar - s. 20



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn






ORDFØRAREN I BOKN

Hei!

Så er nok ei festuke over. Me har opna tusenårsplatsen med det nye kvernhuset. Sjølv om der var svært dårleg ver møte over 100 innbyggjarar opp, det var flott. Eg trur at dette vil bli ein fin møteplass, midt mellom "Krojen" og "Vigjå" og ved sykkel og gangstien, for ein drøs og gjennskaping av forholda for 100 år sidan.

Dagen etter var det mortakast og underhaldning med saltsprengd mort på sjøhuset. For oss som deltok blei det ei mimring om hummarfiske og tradisjonar som var vanlege på Bokn tidligare.



Ei gledeleg sak er at første bind av bygdaboka med gards og ættesoga for gardane

på Ognøy, Austre Bokn, Sæbø, Boknaberg og Alvestad er klar, og vil bli å få tak i til jul. Andre bind vil koma til våren. Prisen for begge binda blir på kr. 800,-.

Bokn kommune er i vekst og hadde i 1999 ein vekst på 4,6%, noko som er av det høgaste i landet. Folketalet ligg nå på ca 790 innbyggerar.

Den 7-8/9 var kommunestyret og seksjonsjefane på strategisamling på Vertshuset på Rennesøy.

Der diskuterte me mål for Bokn.

Konklusjonane blei at Bokn skal vera eit

livskraftig lokalsamfunn i utvikling og at me blir 900 innbyggjarar i 2010.

Utfordringane nå blir korleis me skal oppnå det. I kommuneplanprosessen, kor mange av dykk deltok, kom ein fram til nokre satsingsområder.

1. Satsa på ungdom
2. Skaffa arbeidsplasser
3. Markedsføra Bokn
4. Ha tilgang på boligtomter og boligar
5. Skulen.

Desse satsingsområdene blei i store trekk også nevnt på strategisamlingan, der skulle me bli meir konkrete og koma med enkelttiltak. Desse enkelt tiltaka blir nå gjenstand for ein diskusjon i budsjett-samanheng.

Vil også nevna at når eg overtok som ordførar laga me eit prosjekt kor me tok dei tre viktigaste satsingsområda og laga handlingsplanar, kven som var ansvarlege og framdriftsplan for kvart enkelt tiltak. Dette byrjar nå å gi resultat i form av optimisme for Boknasamfunnet.


Næringslivet og folk ser Bokn som eit alternativ for etablering.

Eitt av tiltaka for å skaffa arbeidsplassar var å etablere eit regionalt utbyggings-selskap for å utnytta gassmengda i området. Dette er nå i ferd med å bli ein realitet ved at Tysvær, Bokn, Karmøy og Haugesund går saman om å danna eit slikt selskap. Så er det berre å håpa at der kan bli arbeidsplassar på Gismarvik eller Austre Bokn.

TUSENÅRSPLASSEN

Tekst: Jardar Havikbotn
Foto: Reidar Alvestad/Jardar Havikbotn

28. september blei ein historisk ettermiddag på Bokn. Då var det høgtideleg opning av kommunen sin Tusenårsplass og nyoppreist kvernhus.



Det store frammøtet i det dårlege véret fortel oss at boknarane set pris på å ha fått ein flott "oase" langs den historiske bekken i Alvestad, og at den opne folkerøystinga om Tusenårsplassen, der denne plassen vann overlegent, ikkje var tilfeldig.

Han har blitt eit flott blikkfang, samlingsstaden ved Kvednabekken i Alvestad. Det store oppmøtet i det forferdelege regnveret fortalde at boknarane set pris på at gjenskapinga av det historiske miljøet langs bekken er blitt til kommunen sin Tusenårsplass.

- Her kan folk slå seg ned og drøsa, og ikkje minst sjå




Inspirasjonskarane frå Hommersåk, Bjarne Skjørestad (m/paraply) og Sverre Frøyland likte det dei såg. Ordføraren vår nikka også nøgd.

og læra korleis dei før i tida mol mjøl med hjelp av kraft frå bekken, sa ordførar Svein Ove Alvestad etter at Bokn Musikkorps hadde opna arrangementet. Han sa vidare at Tusenårsplassen med kvernhuset kan nyttast



Bokn Musikkorps talde 12 stk. denne gong, men repertoaret blei framført etter planen, trass i regnvéret.





Regn skapte heller ikkje problem for lyden, og alle fekk høyra den nye songen om Kvednabekken, med Tina B. Høyland, som nå er blitt ni år.

som ein del av museumsdrifta, saman med reiselivssatsinga, del av skuleopplegg og del av eit kulturelt opplegg. Ordføraren takka spesielt kvernhusentusiastane Ottar Håland og Leif Vatnaland for arbeidet dei har lagt

ned, eit arbeid som held fram med restaurering av eit gammalt kvernhus som skal stå attmed det nye. Dette har kommunen fått av Karen Hetland, som også fekk spesiell takk av ordføraren, likeeins inspirasjonsfigurane Bjarne Skjørestad og Sverre Frøyland frå Hommersåk. Dei hadde med seg 10 kg bygg, som skulle bli til det første mjølet dei 150 frammøtte fekk smaka på.

Kommunen sitt Tusenårstre, ei stor og flott blodbøk, blei planta. Ni år gamle Tina B. Høyland urframførte spesialskriven song om Kvednabekken. Målfrid Kro Trosnavåg fekk æra av å opna kvednå. Vatnet spruta rundt kvernkallen og kvernsteinane fekk stort fart på seg. Små og store fekk sjå at prosjektet var vellukka!



Vatnet spruta rundt kvernkallen og kvernsteinane fekk stort fart på seg. Bjarne var med og mol det fyrste kornet medan han forklarte dei frammøtte kva som skjedde. Svein Ove viste stolt fram mjølet medan Målfrid såg etter ein plass til å henga opp jutasekken og sekkahandkledet inne i huset.

Målfrid sa i talen sin at det var andakt i det når ein bonde i gamle dagar sådde.....

Det er også andakt i det når Målfrid fortel frå gamle dagar, og her kjem det ho sa:

OPNING AV KVEDNÅ I KVEDNABEKKJEN 28.09.2000



Kjære boknarar, gode sambygdingar, kjende og ukjende, gamle og unge.

Ja, nå står me med Kvednabekken, og i dag skal me setja igong ei kvern og mala mjøl av byggkorn, eller "Reinkodn" som dei gamle sa. Denne spesielle bekkjen som der eingong stod 11, 12, kanskje 13 kvernar langs med, heilt frå Boknabergsvatnet og like til Boknabergssjøen. Kvernane høyrde til Sæbø, Alvestad, Boknaberg og Håland. Men i 1940-50 åra vert dei ikkje teke vare på, og alle rotne ned, kvart einaste eit. Eg har ikkje klart å finna ut kven han var, den siste som mol. Det var kanskje han Arnt Boknaberg, eller ein frå Alvestad eller Sæbø. Men det har alltid lege i minnet vårt at her måtte koma ei kvern med bekkjen, så dei som veks opp kunne få sjå korleis det egentleg gjekk for seg å mala sitt eige korn.

Kornet, det var rikdomen på garden. Det var rett og slett *helligt*. Det vert kalla *Gudslånet*. På ein gard måtte dei så og så my-

kje korn for å brødfø familien, og så mykje til såkorn. Dei var rike om dei hadde noko å selja, eller setja inn i Korn-magasinet. I kornmagasinet kunne dei og få låna korn om dei for eksempel kom i beit for såkorn. I bygdamuseet har me den "strokkjen", eller det målet som kornet vart målt i.

Det var andakt i det når ein bonde i gamle dagar sådde. Han kom til den ferdig horva åkeren med kornsekken og såkorga, sette det frå seg på åkerreina, auste korn i såkorga, tok korga på armen, tok luva eller hatten av seg, la den på åkerreina og tok til å så, gjekk med faste steg, tok neven full av korn og hadde ein eiendomeleg sleng med armen når han spredde kornet utover åkeren i takt med stega han tok. Og slik gjekk han til han var ferdig. Så venta han på sol og veta og god haust.

Ein var ikkje stor før ein om hausten fekk vera med å skjera. Fyrst vrei me *bendel*, og så var det å skjera to passelege hendlar å leggja på og vri godt i hop, det var eit kornband. Så vart 6 band sett i hop til ein rug, og slik sto kornet og turka. Då kornet var turt

ladde dei det inn i løa, der så vart tryggst og drypta. På Boknaberg, Nygård, Sæbø og Alvestad tryggste dei med kraft frå Kvednabekkjen, på Håland med Hestavandring. Sidan kom turrking av kornet. *Turkogn* var der i kvart eldhus på gardane. Eg trur enno her finnest?

Eg har vore med når bestefar min og gamle Lars, bestefar til Olav turka korn i eldhuset hjå oss. Lars rørte og *Beste* passa varmen, og eg vagla meg på kanten, såg og høyrde kor det spraka og spratt i kornet etterkvart som det turka. Men å få vera med og mala, det var det som var stasen. *Beste* med kornsekken på ryggen og meg i handa. Eg hadde ei lykt, for det var ikkje glas i Kvernhuset, det var haust og det kvelda fort. Me gjekk "nord i jønå" forbi *Slettabakka* og *Gruttlå*, der stod stabbesteinane tett i tett langs vatnet. På Boknaberg svinga me med han Nils og gjekk den gamle sjoarveien, og snart var me med *Kvednå*, det var det andra med omveien til Krogjen, attmed huset hans Trygve.

Vatnet vart slege på og Kadelen tok til å sviva, og Kverna var i gong. Eg sat på ein trestabbe og såg på. Når det kom mjøl fekk eg mjøl i handa til å slikka på. Det var god smak og god lukt av mjølet. Her er mange her i dag som i dei tider kom frå skulen på Torland, var innom dei som mol og fekk mjøl i handa.

Lei vart eg ikkje for der var så mykje å sjå og høyra. Vatnet fossa og rann, kverna rikka og gjekk. Også veggjene med bokstavar og tal, båtar med og utan seil, sol, månar og stjerner, kanskje runer og slikt som eg ikkje forstod. Og så snakka me om Nykkjen som budde i bekkjen, han måtte ein passa seg for. Og Fossegrimmen som passa på *Kadelen* og *Kvednå*.

Idag har me fått reist ei kvern. Her står ho og breier seg med Kvednabekkjen og Tusenårsplassen. Me høyrde jete at i Hommers-

åk, i Riskakvervå inn for Sandnes, der hadde to pensjonistar, Sverre Frøyland og Bjarne Skjørestad bygd både Kvern og Tørka. Me tok kontakt, fekk komma og sjå. Dåverande ordførar S. H. Hosaas, kulturleiar Jardar Havikbotn og eg. Dette vart me tende på! Her heime sette me ut den gamla, tunga stemmeurna frå 1905 i forbindelse med når folk skulle stemma på Tusenårsplassen. Valget stod om: Kvednabekkjen, Sunnalsdalsstraumen, Klepp på Loden, Nordre Vågaholmen med Humraparken, Alvestadkrogjen og Laupland. Kvednabekkjen sigra stort.


Og her har me fått Tusenårsplass, Tusenårstreet er og planta. Våre to pensjonistar, Ottar Håland og Leif Vatnaland, dei har stonne på og kverna er her i dag. Våre to pensjonistvenner, Sverre og Bjarne, dei er her i dag, og er komne med turka korn som me skal mala til mjøl. Me har fått ei gamal kvern av Karen og Borghild på Are. Den står lagra og skal med tid og stunder restaurerast og setjast opp nedanfor her. Eg har med nokon originale gåver, ein gamal Jutesekk, eit sekkahandkle og to tre knaggar til å hengja dei på. Dette er eit ørlite minne om slik det var før.

No opnar me luka for vatnet, og Kvednå i Kvednabekkjen er i gong!

Målfrid Kro Trosnavåg

*Lat oss ikkje
forfedrane gløyma
under alt som me
venda og snu,
for dei gav oss ein
arv til å gøyma,
han er større enn
mange vil tru.*

Ivar Aasen



Til deg som
kan litt noter
og besifring:


Kvednabekken
er enkel å
spela.
Sett i gong!

KVEDNABEKKEN

Tusenårsplassen i Bokn 28. sept. 2000

Tekst: Nanna Olaussen/Olaug Hognaland

Melodi: Jardar Havikbotn



KVEDNABEKKEN

1. Kvednabekken rinn og pitlar
langs med steingarden av sted
smett seg stilt oppunder hella
kjeme att på hi sida med.
Ovafør er kvednabekken
gravlagt under mold og jord
grev seg fram i beke mørke
famlar etter eige spor.

2. Dansar lystig fram i lyset
lykkelig befridd og glad
ruslar lagligt over jordet
vel oppstått og ut av sin grav.
Står ei stund på same staden
der kor kvednahuaset stod
minnest gode gamle dagar
då han kvednasteinen drog.

3. Kraft i kvednabekken's årer
gjennom mange hundre år
ikkje lenger er til nytte
nye krefter kjeme og går.
Kvednahuaset seig og halla
vegg og tele mørkna vekk
så var bekken og blitt borte
ingen visste kor han gjekk.

4. Alle bekkens mange venner
mintes hus og stein og kall
vatnet med den åpne stemmen
sende frå seg fossar og fall
Sjå, i sporet av det gamle
nå det nye huset står
på det som er sjølv Plassen
ved det nye tusenår.

seniorSURF

den 17. oktober!

Den eldre får lære å gå ut på internett

DET NYE INFORMASJONSSAMFUNNET

Er du over 55 år og ynskjer å ta del i informasjonssamfunnet? Er kommunikasjon med barn, barnebarn og vener via internett noko for deg? Likar du spennande diskusjonar om tema du er opptatt av, som reiser, slektsgransking, kultur, privatøkonomi m.m., eller ganske enkelt sjå nyheter frå avisene eller radio- og TV-kanalane sine internettsider? Svarar du ja på desse spørsmåla, bør du setja av tysdag den 17. oktober til gratis orientering om og innføring i internett saman med andre.

Denne dagen skal seniorar over heile landet samlast til felles nettsurfing på bibliotek/eldresenter eller i andre lokaler frå Kristiansand i sør til Hammerfest og Vardø i nord.

På Bokn blir SeniorSurf-treffet i Mediateket på Bokn skule tysdag den 17.oktober frå kl. 17.00 – kl. 20.00. Her blir det gitt orientering og hjelp – både ved orientering og praktisk om korleis dette fungerer. Du vil også få prøva deg på datamaskinen.

Seniorar frå 55 år og oppover blir inviterte til å prøva seg på internett gratis og med rettleiing. Kaffi og litt å bita i blir det også. Du treng ingen forkunnskaper for å koma.

Å bruka internett er morsamt, nyttig, og etter kvart nødvendig. Men det er ein terskel å koma over for å kunna begynna. SeniorSurf-dagen skal vera eit hjelpemiddel for å koma

over denne terskelen.

Initiativtakar til SeniorSurf-dagen 2000 er den ideelle organisasjonen Seniornett Norge, som har til føremål å arbeida for å fremma dei eldre si deltaking i informasjonssamfunnet. Førebuinga har pågått sidan april. Mykje arbeid vert utført av medlemmer av foreninga på frivillig basis. I tillegg har aktørar både frå næringslivet og det offentlege støtta opp om prosjektet økonomisk, teknologisk og moralsk.

I Bokn er det eldrerådet som er lokal arrangør, og dei håpar at mange vil koma.



Bli med ut på nettet

Slik virker internett

Prøv å surfe

Nyttig, morsomt, nødvendig

MORTAKAST OG SJØHUSFEST

HUMORISTISK DEL AV 150-ÅRS JUBILEET

Tekst & foto: Reidar Alvestad og Jardar Havikbotn

MORT OVER ALT – MEN I SMÅ MENGDER

Rundt klokka seks på kvelden begynte folk å samla seg på kaien i Alvestadkroken. Mange ville sjå om det vart mort, og om han lot seg fanga i nota. Før nota gjekk i sjøen, måtte ein finna eit område som hadde tilstrekkeleg konsentrasjon av mort. Og det vart funne. Men kva som gjekk galt er ikkje godt å seia, for det var null og niks i posen då nota kom opp. Likare gjekk det ikkje i 2. forsøk. Men så begynte det å koma seg.



Mange var interesserte i om det let seg gjera å fanga morten i nota. I båten til fremst til venstre ligg mortanota klar til kast. Fiskarane i båten var: Arvid Ognøy, Lars Magnus Alvestad, Edgar Våge og Ivar Alvestad pluss eit par mindre som fekk oppleva jakta etter mort. Arne Øvrebø var speaker, og kunne engasjert beretta om det som gjekk føre seg.



Morten i det fjerde kastet fylte litt opp i bøtta. Lars Magnus Alvestad og Arvid Ognøy konstaterer at fangsten kunne vore betre. Og litt betre blei det seinare på kvelden.

I det 4.forsøket blei det 3/4 full bøtte med mort, og seinare blei det ennå litt meir. Men noko storfangst vart det ikkje snakk om. Til det sto morten altfor tynt, sjølv om han var å sjå over eit stort område.



Spennande om dette kastet vil bringa morten opp av sjøen. Fiskarane var raske med å snurpa inn nota, og skimla med ei åre mellom nota og båten for at morten ikkje skule symja ut.



Mange interesserte fylgde godt med på fisket. Litt duskregn la ikkje særleg dempar på stemninga som var lett og munter, særleg frå konferansier Arne Øvrebø.

Mort er nok ikkje så vanleg kost nå som tidlegare. For 40-50 år sidan var det nokså vanleg at halvstore ungar kasta etter morten, i alle fall her i Alvestadkroken. Fekk dei noko, og det var ikkje uvanleg, kunne dei gå på bygda og selja for å tena seg ein slant. Og morten blei brukt både til å koka fersk og lettsalta, og til sprøsteiking.

Rundt 85 personar ville vera med på Sjøhusfesten etterpå, og fram til ablegøyene med Lasse Pedersen surra ein film om fisket før i tida på videoen. Representanten frå Redningsselskapet kunne ikkje koma, og filmen uten lyd hadde fått meir meining med kommentarar frå dei, men med sporadisk tekst blei dette eit OK innslag.

Lasse Pedersen skuffa ikkje, og heldt eit imponerende humoristisk tempo i tre kvarter, utan å få vondt i hal-sen. Han måtte forresten hasta vidare til Haugesund et-terpå, til nytt oppdrag. Lasse gjorde som vanleg best




med figuren sin, *Bror min*, men serverte også gode historiar og vitsar på løpande band. Den første kona si fann han forresten på den velkjente *Plattingen* med Boknabergsvatnet. Det varma i alle fall godt å få gapskratta litt i haustmørket! Lasse var rett mann på rett plass.....

Ordføraren kunna ynskja velkomen til bords, etter at latteren hadde gitt seg. Menyen var kjend for dei som var der, og fram kom to gryter med mort, ei med saltsprengd- og ei med ferskfisk. Poteter, gulrøtter og heimelaga flatbrød sørga for eit perfekt måltid. Og om det ikkje var nok, så stod den velkjende og delikate fiskesuppa og frista på eit anna bord!

Folk tok seg god tid med maten, og drøsen gjekk livleg etterpå. Meir ramsalt og maritimt kulturarrangement skal ein leita lenge etter!



To gryter med mort, ei med saltsprengd- og ei med ferskfisk. Poteter, gulrøtter og heimelaga flatbrød sørga for eit perfekt måltid.



Fv. Per Alvestad, Laila Odland og Trond Nedrebø ser fram til eit godt måltid.

Det siste jubileumsarrangementet i kommunal regi i år 2000 kan bli ei gjentakning av nyttårsarrangementet frå i fjor, rett nok i mindre målestokk. Då gjekk mange boknarar i fakketoget for fred ned frå kyrkja til skulen, kor eit enkelt arrangement i gymsalen slutta av med markfyerverkeri på fotballbanen. Hendinga, som gjekk over heile landet og blei kalla Tusenårsilden, blei ei svært populært hending i Bokn, og fleire, både her i kommunen og i alle landet ellers, har heilt sidan nyttårsafta i fjor ytra ynskje om reprise, og gjerne få det inn som ein fast årleg tradisjon.

Soknerådet har i alle fall lagt forholda til rette med å setja opp gudsteneste kl. 16.00, som i fjor, då gjekk fakketoget kl. 17.00, og alt var ferdig kl. 19.00.

La oss håpa at møteverksemd mellom Soknerådet og 150 års-komitéen resulterer i eit liknande arrangement til nyttår!



ORDET FRITT



Blir utviklinga i Bokn hindra av ein ukultur med jantelov og "Harry-mentalitet"? Har me "bygdeleiarar" som går til åtak på det som er nytt og annleis - som om det var noko farleg? Artikkelforfattaren har for sin del klare oppfatningar om dette spørsmålet.

SKIKK OG USKIKK PÅ BOKN

Dei siste åra har eg prata med mange som har flytta frå Bokn – eller som ikkje kan tenkja seg å flytta tilbake – fordi her er "for trangt". "På Bokn blir du passa på, her er det andre som ser etter at du meiner og gjer det rette. Nåde deg om du ikkje rettar deg etter det!" Verst kan det vera for nokre av dei som kjem frå dei gamle Boknaslektene: "Eg hadde trudd betre om deg, du kjem jo herifrå!". Også mange innflyttarar merkar dette presset, dei har følt seg "velkomne med atterhald" – "du kan godt få bu her, men då må du tilpassa deg og oppføra deg slik me ventar av boknarane!" Etter ein konflikt med ein av bygda sine "leiande menn", har eg sjølv opplevd å få klar beskjed om at eg ville gjera både Bokn og meg sjølv ei stor teneste ved å flytta herifrå! Eg kjenner til fleire som har fått liknande meldingar og så reist.

Dei vil gjerne ha skattepengane og arbeidsinnsatsen, både i yrkeslivet og i organisasjonar, men helst ikkje innflytelsen. På eit foreldremøte sist vår blei det i fullt alvor hevda at "tilrådinga frå foreldre som er lærarar, bør ikkje telja like mykje som dei som ikkje er det!" Det neste blir vel då ein gradert røysterett, etter om ein er innflyttar, inngift eller "ekte boknar"?

Etter at bruene blei opna, har Bokn fått svært gode, naturlege føresetnader for å bli bustadkommune for folk som likar å ha litt natur kring seg – sjølv om det skulle føra med seg litt lengre pendling til arbeidsplassen. Trass i dette har folketalet vore forbausande stabilt dei siste åra. I det siste har det blitt sett i gong ei omfattande marknadsføring av kommunen. Vel og bra, men eg trur at materielle tilbod ikkje er nok for at folk skal trivast her over tid. Det er heller ikkje det viktigaste. Kanskje er ikkje boknarane så flinke til å ta vare på folk som dei skryt av i kommuneplanen?

Med dette debattinnlegget ynskjer eg å retta søkjelyset mot noko av dette. Sjølv om det er viktig å ikkje skjera alle boknarane over same kam, rår ein ukultur i bygda. Eg trur at mange boknarar bør gå litt i seg sjølv for at dette samfunnet skal

utvikla seg på ein god og positiv måte. Det er nå over 25 år sidan eg sjølv flytta til Bokn, men i mange samanhengar opplever eg framleis å bli møtt som "ein framand". Eg vil truleg bli verande "ein utanfrå", sjølv om eg bur her til eg blir 100. Slik veit eg det også er for mange andre. På den andre sida kjenner eg også godt til at det er mange innflyttarar som glir lett inn og finn seg vel til rette.

Som tilflyttarar møter me tidleg kravet om einsretting: "På Bokn gjer me det slik me alltid har gjort, her treng ingen koma og fortelja oss at ting bør vera annleis!" "Det viktigaste av alt er å ta vare på Bokn slik det alltid har vore, ingen skal få koma her og øydeleggja det me alltid har hatt!"

I tillegg møter me kravet om tilpassing: "Skal du bu på Bokn, får du oppføra deg som boknar. Me godtar deg først når du har vist at du godtar våre skikkar og haldningar som dei rette!" Er du så i tvil om kva som er god skikk og bruk og "Bokn sitt beste", skal du spørja dei bygdeleiarane som veit dette best! Høyrer du ikkje på deira råd, fortel dette i beste fall at du ikkje er i stand til å lytta, i verste fall viser det at du er ein opprørar. Ei ikkje ukjent haldning er: "Ikkje gå dine egne vegar og tru at du er noko!" Dette fører til at "utdanning er farleg, utdanna folk har så lett for å bera med seg framande og truande idear!"

Ein naturleg del av denne mentaliteten er også kravet om orden i rekkene: "Her står me alle saman og er snille med kvarandre!" Underforstått: "Her skal me alle vera samde om at me har eit svært godt samfunn å leva i, nemleg det samfunnet bygdeleiarane arbeider for å ta vare på."

Bygda sin "elite" er ikkje særleg talrik og har heller ikkje alltid så mange ytre maktmiddel å spela på. Likevel fungerer justisen glimrande. Dei har eit godt kontaktnett og total mangel på skamkjensle når det gjeld å fortelja andre kva dei skal meina og gjera. Straffa kan ta ulike former, der sladder, baktaling og utskjelling er velkjent. I verste fall kan dei nytta boikott: "Gjer du ikkje som du blir fortalt, vil me helst ikkje ha noko med deg å gjera!"

Det er dette forfatternen Tor Jonsson kalla "Bygdedyrlova", der nokre av paragrafane har overskrifter som "Ikkje skill deg ut!", "Kjenn din plass i flokken!" "Tving på plass att den som skei-ner ut!" "Vis ikkje følelsar!" "Ver kritisk mot alt nytt, framandt og annleis!" "Tilgi aldri, gløym aldri!" Og "Hakk laus på den som bryt desse reg-lane!"

Det er ikkje vanskeleg å sjå at desse metodane dreier seg om makt og måtar å bruka makt på. I det gamle bygdesamfunnet heldt folk saman på godt og vondt mot trugsmål utanfrå. Samstundes var det alltid nokre leiurar som hadde makt og respekt til å fortelja dei andre kva som var rett og gale når det galdt skikk og uskikk. I Bokn har dette systemet levd lenger enn dei fleste andre sta-der, men er nå i full fart mot oppløysing. Fleire enn før tar også til motmæle. Dette gjer dei urole-ge, mange av dei grupperingane og personane som tradisjonelt hadde stor makt over andre. Endringar og nye folk med nye idear blir "farlege" for dei som vil ha det slik det var før.

På den måten blir det lagt ei noko klam hand på nødvendig utvikling og modernisering av Bokna-samfunnet. Det blir vanskeleg å gå nye og eigne vegar, noko som er heilt nødvendig for eit sam-funn som skal møte morgondagen sine utford-ringar. Kanskje er det nye folk med nye idear som Bokn treng mest av alt, om samfunnet skal kunna møte utfordringane som den nye tida mø-ter? Det var truleg noko av dette Anne Enger Lahnstein meinte, då ho nyleg sa at eit av dei største trugsmåla mot bygdesamfunna i Norge i dag var "den høge Harry-faktoren". Det nyttar ikkje å hindra flaum ved å stemma opp bekken, flaumen blir berre så mykje større og ukontrol-lert når han først kjem. Slik er det med bygde-samfunna også, manglande evne til å fornya seg vil før eller seinare enda med at bygdene blir ut-arma!

Eg reknar med at folk i einskilde krinsar føler seg provoserte av det eg her har skrive. Kan det vera fordi eg har treft eit ømt punkt?

Svein Ivar Langhelle

EKSTRA BOMPENGAR TIL E 39 OVER BOKN

EKSTRA BOMPENGAR

Haugesunds Avis melde den 13.september at tra-fikkantane i ferjesambandet Arsvågen Mortavika (Boknafjordsambandet) har betalt ein halv million kroner for mykje i bompengar over Boknafjorden. Som kjent var det slutt på bompengane over Boknafjorden den 20.oktober i fjor. Bompengane har finansiert vegar og bruer i Bokn-sambandet.

Då rekneskapen blei oppgjort, viste det seg at det var 500000 kroner til overs som var innbetalt.

SKAL BRUKAST PÅ BOKN

Vegsjefen i Rogaland foreslår at midlane blir brukt slik som regelverket seier, nemleg at eit eventuelt overskot blir nytta til riksvegforemål der pengane er krevd inn. I dette tilfellet vert det fore-slått at vel 250.000 kroner blir brukt til til å repa-rera kløakksystemet ved ferjekaien på Arsvågen, og at 100.000 kroner skal gå til 250 m veglys frå Boknasund bru og sørover til busshaldeplassen. Vidare er det foreslått at kr. 61.000 går til buss-lomme i Arsvågen, og kr. 80.000 til utbetring av billettluken i Arsvågen.

KULTURKALENDEREN

- 13.: *Irsk Aften på Sjøhuset, arr. BIL*
- 14-15.: *Horsemanshipkurs på Ognøy ved Eirin Rauø*
- 15.: *Gudsteneste kl. 11.00, Gaard*
- 15.: *Møte kl. 19.30, Blå Kors*
- 16.: *Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus*
- 18.: *Årsmøte, Hagelaget, kl. 19.30 på Allrommet*
- 19.: *Bingo, arr. BIL*
- 19.: *Kontaktmøte for planlegging av våren 2000, Bedehuset*
- 20.: *Bedehusbasaren*
- 21.: *Klubbkveld, Bokn skule kl. 19.00—01.00*
- 22.: *Møte kl. 19.30, NMS*
- 22.: *Bokn søndagsskule*
- 23-24.: *Sprangkurs – arr. BORK*
- 26.: *Bokn pensjonistforening, allrommet kl. 17.30*
- 27-29.: *Speidartur til Vigdarheim*
- 28.: *Auksjon/loppemarked, arr. Bokn Musikkorps*
- 29.: *Gudsteneste kl. 11.00, Aurdal*
- 30.: *Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus*
- 31.: *Opptak av nye ulvungar og meiser*

NOVEMBER

- 3.: *Sjømannsmisjonskveld - "Fest på kjerka"*
- 5.: *Gudsteneste kl. 20.00, Aurdal*
- 6.: *Møte Røde Kors Hjelpekorps*
- 7.: *Opptak av nye speidarar*
- 12.: *Møte kl. 19.30, Indremisjonen*
- 13.: *Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus*
- 13.: *Årsmøte, BORK*
- 14.: *Årsmøte, Bokn Båtforening kl. 20.00 i Allrommet*
- 15.: *Bingo, arr. BIL*

BOKN UNGDOMSLAG

av ungdomsarbeider Ann Kristin Grønnestad

Bokn Ungdomslag kan bli startet opp igjen hvis interessen er stor nok. Da kunne det blitt arrangert danser, bingo'er, diskotek, forskjellige dansekurs (Swing, tango, gammeldans, osv.), vi kunne ha startet internett-cafe', hatt karneval for alle over 15 år, kanskje vi til og med kunne blåst liv i "Fiskarfesten" som var en årlig suksess'.

Dette er aktiviteter som alle aldersgrupper kan dra nytte av, ettersom aktivitetene vil variere. Det er mye som har gått i glemmeboken av arrangementer som hadde som hovedmål: Å få inn penger slik at de kunne finansiere noe (som f.eks. turer eller innkjøp av nytt utstyr), og ikke minst øke den sosiale aktiviteten og trivselen.

Dette siste punktet er viktig. Ikke minst med tanke på å få nyinnflyttere til å føle seg velkommen og integrert i kommunen. Det er ikke bare, bare å komme inn i et samfunn hvor alle kjenner alle, og nesten alle er i slekt med hverandre i tillegg. Og for de som kanskje har


bodd her mer eller mindre hele livet, så må det jo være spesielt å kunne ha kontakt med mange av barn- og ungdomsvennene.

Her i lokalmiljøet har man i mange år snakket om hvor mye kjekkere alt var før, med "Fiskarfest" midt inni romjula, med minst 6-8 danser per år, med diskotek på lørdagene (og litt diskotek også på søndagene). Men for at noe skal skje, så må jo noen gjøre noe! Og hvorfor kan ikke det bli deg??

I skrivende stund er det ikke satt opp en eneste dans for dette halvåret. Det kan jeg ikke huske har skjedd før; at det i løpet av høsten ikke skal være en eneste dans! Det er dårlig!

Vi vil i hvert fall oppfordre alle lag og organisasjoner, klubber og andre om å ta kontakt dersom de syns at dette høres spennende ut. Et ungdomslag er liv laga, for jeg er ganske sikker på at "boknarane" er klare for en utfordring, og har lyst til å stå på litt for å få det gøy. Ikke sant??!

HELSING FRÅ USA!



Ei koseleg helsing frå USA kom ein dag med e-post. Dr. David Gotaas sende ei helsing frå 92 år gamle Magnus Søndeland! Her er brevet:

Mr. Magnus Søndeland bur i Fairhaven Christian Retirement Center i Rockford, Illinois.

Han blei fødd i Bokn for 92 år sidan. Han er stolt av å visa naboane og vennene sine utgåvene av Bokn Bygdablad som han har samla i leiligheten sin, som speglar kulturen, særtrekka og det nydelige Boknalandskapet.

Mr. Søndeland er ein ekte kristen herremann. Alle som kjenner han blir inspirert av den glade personlegdomen hans. Han elsker å sjå Chicago Cubs spela baseball enten på TV eller ved å periodevis dra med naboane sine for å vera tilskuar til favorittlaget sitt. Som innbyggjar i same kommune som Magnus Søndeland, vil eg senda helsingar til alle lesarane.

David S. Gotaas

MINNEORD

Gudrun Alvestad er død, 88 år gammel.




Ho var fødd og voks opp på Ognøy. Foreldrene var Ane og Peder Ognøy. Gudrun hadde fire søsken og seks halvsøsken, og var sist i flokken. Før ho gifta seg, jobba ho som hushjelp i Stavanger.

I 1932 gifta ho seg med Monrad Alvestad. Dei busette seg på Alvestad, og har budd der sidan. Monrad dreiv fiske. Gudrun var husmor og hadde ansvar for heimen. Ho jobba også litt på Hermetikkfabrikken i Føresvik. Gudrun var aktivt med i Kyrkjeforeninga og Sjømannsmisjonen. Ho var også flink med handarbeid og stell av hagen.


Gudrun var heimekjær og sosial, og hadde stor omsorg for familie og andre som stod henne nær.

Ho etterlet seg 4 barn, 12 barnebarn og 15 oldebarn.



MINNEORD

Bjørn Aarsand er død, 82 år gammel.



Han var fødd og voks opp i Bergen. Foreldrene var Kaja Elisabeth og Ketil Aarsand. Bjørn var yngst i barneflokken. Han var gift med Ruth Aarsand.

Bjørn var skipselektrikar, og seilte ute i mange år. Heime var han med og starta Bokn Båttforening (den forrige). Han var flink med hendene og i tekniske ting, svært samfunnsengasjert med sterke meiningar om det meste. Bjørn var medlem av Bokn Arbeidarparti.

Han var kunnskapsrik, løyste kryssord i stort tempo, og var også med i spørjeleikar på TV. Svært sportsinteressert var han også, særleg i fotball.

Bjørn blir hugsa som ein gjestfri og sosial person.

Han etterlet seg kone, 3 barn, 7 barnebarn og 5 oldebarn.

MUSIKKORPSET PÅ KARMØY BRASSFESTIVAL

Tekst: Jardar Havikbotn — foto: Dagny Kjellesvik

22. til 24. september var Bokn Musikkorps med på Karmøy Brassfestival 2000. Det blei ei lære-rik helg der både små og store blei inspirerte.

I gjennomsnitt 10 vaksne og 13 born frå Bokn var til stades under festivalen. Vaksenkorpsset hadde Jakob Birk som instruktør. Han har tidlegare vore dirigent for Bokn Brass, og jobbar som musikkskulelærer i Tysvær. Juniorkorpsset hadde Astrid Låstad Rønneberg, adjunkt m/ musikk frå Lærarhøgskulen i Bergen. Dei yngste var saman med Vikedal skulekorps, og til saman danna dei eit flott korps. Kvart korps fekk sin eigen guide frå Stangaland Brass, og vedkommande ordna alt det praktiske i tillegg til å vera med og spela.


Juniorkorpsset var svært nøgde med instruktøren.

Hu e kjeke.... var ein ganske vanleg kommentar frå dei minste. Slike kommentarar ligg det mykje bak, og instruktøren har nok truffe blink når det gjeld veremåte, kommunikasjon og læring. Forutan festkonsert med Stangaland Brass (kor Lillian Grønnestad er med) var det diskotek, bading i Karmøyhallen og konsert på sundagen.

Vaksenkorpsset tok utgangspunkt i repertoaret til Tusenårs plass-opninga, samstundes som det blei spela heilt nytt stoff. Før hausthalvåret var besetningen til vaksenkorpsset svært bra på papiret, men mange har falle frå i sommarferien. Gruppa flyt på at mange av utøvarane har brei erfaring i notelesing og er flinke å spela, men alle ventar nok på at dei som har permisjon for tida kjem att snart. Dessutan er me svært glade for at slagverkarane Lars Øyvind Alvestad og Eirik Veia frå juniorkorpsset er med oss, slik at korpsset har folk på dei viktigaste instrumentgruppene!

Dessverre blei det ikkje noko diskotek og (kanskje det kjekkaste) overnatting på ungane, p.g.a. liten respons frå foreldrene i juniorkorpsset. På eit foreldremøtet i forkant av festivalen (med svært dårleg frammøte) melde berre 3 av 38 foreldre (!) at dei kunne stilla på noko i løpet av helga. I samband med dette vil eg på

vegne av korpsset retta ein stor takk til May Jorunn Vatnaland, Jorunn Schmeichler og Ove Alvestad for at dei kvar sin dag stilte opp og støtta ungane. Men tenk kor mykje betre det hadde vore med to..... Stor takk også til John Magne Lie og Odd Grønnestad som kjørte bussen gratis fram og tilbake fleire gonger desse dagane!



Mørke og dårlege fotograferingsforhold og øydelagd blitz då sundagens konsert blei avholdt tar skylda for det uklare bildet. Her er Bokn/Vikedal i aksjon under dirigent Astrid Låstad Rønneberg.

Korpsset er kanskje det laget i Bokn som over tid har slite mest med oppbacking frå foreldre i enkelte aktivitetar, i alle fall etter at det siste tiåret har blitt stor breidde i organisasjonslivet til kommunen. Om det er ei trend i dagens samfunn at *alt skal vera så enkelt og du må ikkje gjera for mykje* som ligg til grunn for dette, kan diskutera. Det er i alle fall eit faktum, og også i resten av landet, at mange korpsforeldre har lett for å fokusera på at kakebaking o.l. i ny og ne er så negativt at haldningane til korps blir

dårlege, som sjølv sagt smittar over på barna. Her ligg ei utfordring.

AUKSJON/LOPPEMARKNAD

Musikkorpsset minner om auksjon/loppemarknad 28. oktober i gymsalen.

Me håpar mange vil gje oss auksjongs-gjenstandar og lopper.

Større ting kan me henta.

**Ring Lillian 52 74 81 55 eller
Dagny 52 74 86 41**





Petra fritidsklubb

informerer

av ungdomsarbeider Ann Kristin Grønnestad



Høsten er allerede kommet og selv om været har vært høstlig hele dette året, så må jeg få lov til å si at **enda** mer regn og **enda** sterkere vind ikke etterlater noen tvil; Vi er på god vei mot innesittende kvelder med regn og yr, lyn og torden, og koselige stunder i lune stuer, sammen med de vi bryr oss om.

Vi har nettopp hatt oppstart på "Petra", og i den anledning ble det valgt et nytt styre.

Det nye styret består av følgende kjekke ungdommer:

Helen Grønnestad	-	Formann
Lars Martin Hosaas	-	Nestformann
Kristina Faye	-	Kasserer
Lars-Øyvind Alvestad	-	Innkjøpsjef
Camilla Holm Birkeland	-	Pr-sjef



Som ungdomsarbeider merker jeg det fort om styremedlemmene jeg skal samarbeide med, er innsatsvillige og klare for ansvar og forpliktelser. Jeg har stor tro på ungdommene, de har vært kjempedyktige til nå, i hvert fall.

Det siste nye på fritidsklubben vår, er at vi har kjøpt inn Playstation! Det er veldig populært, kanskje spesielt hos guttene. Etter hvert kan jo "Petra" kjøpe inn flere spill, men siden de er nokså dyre, er det kjempefint om dere tar med deres egne spill så lenge. For at vaktene fremdeles skulle få se på TV dersom de ville det, måtte "Petra" i tillegg til Playstation, kjøpe inn et brukt TV-apparat.

Vi har også kjøpt inn en haug med nye cd'er, så nå må vi finne på en masse ting som klubben kan tjene litt "kronasjer" på.

Jentene som går på klubben nå, er glade i å danse (spesielt swing), og prøver seg ofte på dansegulvet. Det syns jeg er gøy, for det er noe som lager liv. Og dessuten blir en flink til å danse dersom en bare prøver seg. Guttene syns det er morsomt nok å se på foreløpig, men det er fritt frem for dere også!!

La jentene dra dere med ut på gulvet, og våg å dumme dere ut. Det er skikkelig "jente-magnet" med en gutt som kan / vil danse!!

Karneval!!!

Nå vet jeg ikke sikkert om Bygdabladet kommer ut tidsnok, men vi får skrive om karnevalet vårt uansett.

Fredag den 13 oktober, kl. 19.00 skal vi ha karneval på "Petra", og det kommer til å bli moro! Alle som dukker opp i kostyme er med i konkurransen om "Beste kostyme". Premien er et gavekort på en valgfri cd!!

6. og 7.-klasse er spesielt invitert til å komme, men vi ser oss nødt til å informere om at disse må gå klokken 22.00. Alle andre kan være til klokken 24.00. (jada, dere i 8. klasse kan også være til siste slutt).

En ting som vi lenge har hatt planer om, er å skaffe oss mange ødelagte (men hele!), gamle cd-plater som vi kan henge på veggene og i taket. Disse reflekterer disco-lys godt, og er dekorative i seg selv. Så hvis det er noen der ute som vil kvitte seg med noen "skeive skiver", så kan de enten levere de til noen i styret, til meg, eller legge dem i postkassen til "Petra" som henger utpå gjerdet rett utenfor inngangsdøra vår.

Fremdeles er folk ivrige etter å gi "Petra" bruktmøbler, og vi sier enda en gang : **Tusen takk!!!**

Givergleden er tydeligvis på topp, og det er jo vi kjempeglade for. Vi har fått inn utrolig masse møbler, og har fått tilbud som vi har måttet takke nei til. Det er ikke mangel på stoler eller sofa'er. Skulle vi trenge noe, så må det være bord eller hyller i forskjellige størrelser og fasonger.

Formannskapet har vedtatt å utvide ungdomsarbeiderstillingen frem til nyttår! Så nå er jeg å treffe på kontoret tvers over Jardar's kontor både tirsdager og onsdager. Planen er bl.a. å starte opp en kafé, i Kyrkjebygd eller på skolen, eller kanskje begge steder, avhengig av oppussingsarbeid på Kyrkjebygd kultur- og aktivitets-hus.

Klubbkveld X 2!!!

av ungdomsarbeider Ann Kristin Grønnestad

Den 08. september var det tid for høstens første klubbkveld på skolen. Egentlig skulle den ha vært helt i slutten av august, men på grunn av problemer med barnevakt og diverse annet, utsatte vi det en uke. Vi hadde ikke de helt *store* planene, men det ble da både data, volleyball, playstation på storskjerm, pizza og snop-salg. Og jeg var glad for å ha med meg en av kommunens barne- og ungdomsarbeiderlæringer, for da er det enklere å følge opp flere aktiviteter som skjer samtidig.

Det første som skjer når jeg åpner dørene klokken 19.00, er at 5-6 ungdommer står og maser om at de "*må få*" gym-nøklene. Av erfaring vet jeg at disse energibuntene bør få springe av seg litt villskap, og heller vente litt med å ha aktiviteter som krever konsentrasjon eller "*ro*".

24 ungdommer tok turen til skolen, og "*holsultne*" må de ha vært, for større kamp om pizza-stykkene har jeg aldri sett! Det var ikke et eneste stykke igjen. I et stille øyeblikk tenkte jeg på bestemoren min, som er ihuga motstander av mathiving, og hvor fornøyd hun hadde vært med dette resultatet.

Vi prøvde å se film på storskjerm (via prosjektor), men heller ikke denne gangen lyktes vi i det. Derimot gikk det helt fint å spille playstation på storskjerm, og det ble da også populært. Det var en rolig klubbkveld med mye snakking og diskutering, sending av meldinger på mobiler, og vennskapelig erting og terging.

30. september var det enda en klubbkveld, og denne gangen slo vi nesten rekorden vår med 29 ungdommer tilstede i løpet av kvelden. Det som var morsomt denne kvelden, var at jeg hadde selskap av to barne- og ungdomsarbeiderlæringer. Annika og Eli har praksisen sin henholdsvis på skolen og i barnehagen. Men ungdomsarbeid er også en del av praksisen, og det er jeg glad for at vi kan dra nytte av.

Vi startet opp med data aller først, og de som ville sparke fotball eller spille basketball fikk det. Deretter kom Edgar Våge fra Skyttarlaget, og ungdommene fikk prøve seg på luftgeværskyting. Dette er veldig populært, og selv om resultatene varierer veldig, så er det jo moro for det. Alle kan ikke være like gode, og det er også en del av livet. Man er god i noe, og ikke fullt så god i andre ting. Vi vil enda en gang takke Edgar for at han stilte opp, og det på meget kort varsel. Kjempebra!

Pølsesalget vårt gikk heller dårlig denne gangen. Men ikke brussalget derimot! Vi solgte 40 brusflasker til 30 ungdommer, og det må en jo si er mye! Nå er ikke jeg en del av Den offentlige Tannhelsetjenesten, så jeg syns jo dette er bra. Ikke minst fordi; jo mer ungdommene kjøper, jo mindre må jeg levere inn igjen til butikken.

Det ble også spilt volleyball helt på slutten av kvelden, og selv om noen spilte bra, så var det en del som begynte å bli trøtte og slitne. Resultatet ble en god del server, lite spill og mye tull og vas. Helt greit for meg, så lenge det ikke går *for* langt. Da gir jeg beskjed. En spiller ble utvist for resten av kampen på grunn av "*uvettig bruk av fotmuskel*". Sânt tolereres ikke.

Alt i alt var det en hyggelig kveld, med mye moro, og neste klubbkveld blir altså den **21. oktober**. Vel møtt da!

ALDERSGRENSER PÅ "PETRA" OG PÅ KLUBBKVELDENE:

Jeg får stadig spørsmål om hva aldersgrensene er, så her kommer de svart på grått:

Petra på onsdager: Frå 6. klasse.


Petra på fredager: Frå 8. klasse

(etter nyttår kan 7. kl. gå frem til kl. 22.00).


Klubbkvelder: Frå 8. klasse.

Det er ingen øvre aldersgrense, men dette er hovedsakelig et tilbud for ungdom mellom 12 og 18 år.






PÅ BLÅBÆRTUR!



Blåbærtur!!

av Guro Nygaard

17/08 var 8-9 kl. på blåbærtur i Sølvbrekk. Vi plukka blåbær, steikte pannekaker, pinnebrød og pølser. Det var også kakao til dei som ville ha. Lærarane som var med, var Anne L. Faye og Arne Hosaas. Det var premie på blåbærplukkinga. Arne og Anne hadde funne ei idealvekt på 0,8 kg og dei som kom nærmast den vekta, vann. Det blei Camilla Holm Birkeland som hadde 0,75 kg. Premien var ei medalje der det stod årets blåbærplukkar på. Erik Alvestad var den som plukka mest, han hadde nærare 2,5 kg. Etterpå koste vi oss med all maten. Det var stort sett fint vær, men når regnet og toreveret kom, prøvde ein del av gutane å få opp ein presenning. Eg veit ikkje heilt korleis eg skal sei det gjekk. Me fekk stå under litt, det var einaste Anne "stakkar" som ikkje fekk det, for ho sat og steikte pannekaker til oss. Etter masse om og men og ingen presenning oppe, fann me ut at me skulle gå. Eg trur alle var einige om at det var ein kjekk tur.




"Årets blåbærplukkar" - Camilla H. Birkeland

Blåbærturen, år 2000

av Beate Syversen Are

17. august var 8. og 9. klasse på blåbærtur. Der me kom var det ein heil haug med blåbær. Så gjekk me gjennom gras og strå, og kom ned til eit vatn. Beate, Sophie, og Hanne rørte blåbær, for me skulle laga blåbærrøre til pannekakene som me skulle steike på primus. Me grilla også og kokte kakao. Me hadde blåbærkonkurranse. Arne Hosaas, og Anne L. Faye, lærerane som var med, hadde tenkt ut ei idealvekt, og den som hadde plukka nærmast vann ein premie. Ingen visste kva premien var. Camilla blei vinnaren, og ho fekk ein medalje av papp. Me hadde det kjekt allikevel fordi om det var torever og plaskeregn. På tilbakevegen regna det enno meir.



VB

Blåbærturen 2000

av Sophie Jansen Alvestad

17. august 2000 var den nye 8. og 9. klassen på blåbærtur på Sølvbrekk. Og blåbær vart det plukka. Erik Alvestad plukka mest; 2,5 kilo! Men dessverre var det ikkje han som vann. Lærarane våre, Arne Hosaas og Anne L. Faye, hadde nemleg sett ei hemmeleg idealvekt på 0,8 kg. Reglane var slik at den som kom nærast den vekta, fekk ein premie. Etter ein og ein halv times plukking óg etter å ha vekt all-sine bær, fekk me til slutt vita at Camilla Holm Birkeland i 9.klasse var den heldige vinnaren med 0,75 kg. Premien var ein medalje der det stod på 'Årets blåbærplukkar.' Ein riktig fin premie, synes eg. Det einaste me var uheldige med, var veret. Regnbyger, og lyn og torever, heldigvis var det tørt då me plukka bær, og så hadde alle regnklede på

seg, så me heldt oss tørre. Og me hadde tatt med oss ei stor presenning som me knytte opp og laga eit slags 'telt' av, der stod me under då dei verste regnbygene herja. Me var og så heldige at Anne hadde laga pinnabrødeg og pannekakerøre. Så derfor fekk me "pølser i pinnebrød", og Anne hadde teke med primus og steikepanne så me fekk "supergo'e" pannekaker! Eg åt sikkert seks stykke! + to pølser og to pinnebrød. (Eg var stapp mett!!) Arne hadde teke med mjølk og kakao så me fekk varm kakao. Det drakk eg to koppar av så eg vart endå mett. Me pakka i samén og begynte på tilbake turen. Alle var utslitne, men humøret var på topp. Dette var kjempe kjekt! Det einaste minuset var at eg fekk mange myggstikk i andletet. Så alle gjekk og kalla meg "Monsteret". Elles håper eg me gjer dette ein gong til.

ÅRETS INFLUENSA- VAKSINE

Vaksinen er no på plass, og vi starter vaksineringsno for dei som ønskjer det.

Ta kontakt med legekantoret på telefon og avtal tid, eller møt opp på legekantoret mandagar eller torsdagar mellom kl.13.00 og 15.00.

PRIS:

Personar i risikograppa:
kr. 115,-

Andre:
kr. 175,-

Samtidig legekonsultasjon: (kr.110,-) + kr. 55,-


SPREK PENSJONIST!

Her er eit bilde av en sprek pensjonist på vel 82 år, Leonora Alvestad, som skriver navnet inn i boka.

Hun tok utfordringen til å bli med opp på Boknafjellet den 9. september.

Hun hadde god kondis og imponerte oss yngre. En god representant for mange spreke pensjonister.

Hilsen turkameratene



26 MILLIONÆRAR I BOKN

STØRST FORMUE

	Nettoinntekt	Formue
Arne Øvrebø	264 900	6 828 000
Lars Magnus Alvestad	777 500	4 724 000
Sigurd J. Svendsen	164 500	3 257 000
Magne Alvestad	535 800	3 118 000
Svein Ove Alvestad	796 500	2 907 000
Tor Alvestad	269 400	2 245 000
Ingolf Borgvald Are	285 200	2 115 000
Harald Nygård	464 700	2 058 000
Sigvart Våga	331 100	1 835 000
Lars Bokneberg	281 400	1 746 000
Per Nesvik	172 900	1 612 000
Alf Alvestad	377 500	1 547 000
Edvin Øvrebø	159 900	1 519 000
Håkon Bokneberg	146 400	1 359 000
Magnus Alvestad	112 500	1 339 000
Steinar Alvestad	217 600	1 321 000
Ingrid Magrethe Jøsang	173 300	1 317 000
Bjarne J. Våge	108 700	1 297 000
Kjell Kro	138 900	1 264 000
Kjell T. Bryningsland	594 300	1 250 000
Magne Are	134 100	1 171 000
Leiv Våga	189 600	1 070 000
Peder E. Våge	303 400	1 059 000
Osmund Våga	27 100	1 032 000
Berit Are	153 300	1 021 000
Dagfinn Bokneberg	195 400	1 005 000

STØRST NETTOINNTTEKT

	Nettoinntekt	Formue
Svein Ove Alvestad	796 500	2 907 000
Arild Nilssen	778 600	82 000
Lars Magnus Alvestad	777 500	4 724 000
Odd Egil Guttormsen	627 200	192 000
Ingvar Alvestad	611 200	185 000
Kjell T. Bryningsland	594 300	1 250 000
Sigmund Grønnestad	584 300	324 000
Trond Vatnaland	566 400	505 000
Kleng Matias Våga	550 800	218 000
Johannes O. Svendsen	538 800	743 000

HÆRVERK PÅ BOKNABERG

I samband med klubbkvelden til fritidsklubben Petra fredag 28. september blei postkassa til barnehagen sprengd i filler, noko som også forårsaka store skader på kassa som hang ved sida av. Ei hummarteine, brukt i barnehagens hausttema om fiske, blei også øydelagd.

Styret i fritidsklubben er sterkt i mot at slik svært unødvendig hærverk skjer, og spesielt i samband med Petra-kveldane. Klubben har klare retningslinjer her, og styret ynskjer å slå hardt ned på det som har skjedd.

Ungdomsarbeidaren seier til Bygdabladet at ho i dagane etter hendinga var i kontakt med vedkommande som stod bak sprenginga. Forholdet blei innrømme, og vedkommande vil gjera opp for seg.

La oss håpa at slik form for vandalisme ikkje gjentar seg!


TIL LAG OG ORGANISASJONAR

og andre som skal ha arrangement i samband med jula som nærmar seg, og vil at kulturkontoret skal organisera lyd og ev. lys til hendinga, ta kontakt med kulturkontoret i god tid før arrangementet skal vera, helst så snart som muleg, etter at ynskjer og behov er klare.

Det vil ikkje bli gjort automatisk.

KULTURKONTORET STENGT

P.g.a. permisjon til vidareutdanning er kulturkontoret stengt på torsdagar.



GARDS- OG ÆTTESOGA FOR BOKN

Bygdesoga for Bokn er snart i mål. Foto er plukka ut, slektssoaga for alle gardane er ferdige, det er bare att gardssoga for nokre få gardar. For at lesarane skal vita litt om kva som er i vente, plukkar me ut nokre bitar direkte frå bygdeboka som ein liten forrett. Me håpar det fell i smak.

SOGA OM ARE

Av Birger Lindanger

Fyrst litt frå innleiinga:

Plogskjæret

Are er den søraustlegaste garden på Vestre Bokn. Han utgjer ei halvøy som stikk som eit plogskjær ut i Boknafjorden. Nett dette er det truleg namnet tyder – eit spisst nes som liknar ein ard – ein plogspiss.

Munkahabn og Skodehabn - namn fortel historie

Are er rikt på gode hamner der namna fortel histore. Munkehabn heilt i sør kan ha vore den hamna munkane på Halsnøy kloster søkte inn når dei skulle henta landskylda eller av andre grunnar søkte kontakt med leiglendingane sine. Rett vest for Munkehabn ligg Avløybvika og vest for den att den vide Skodehabn der ei rad holmar dannar eit smult hamnebasseng. Skodehabn har truleg fått namnet frå då skottane søkte inn i hamna her i samband med trelasthandelen på Ryfylke på 15- og 1600-talet.

Bare eit smalt eid skil Skodehabn frå Vestre Arsvågen i nord, ei anna framifrå hamn som var sjølv strandstaden for bøndene på Are. Eit anna brukbar hamn, er Austre Arsvågen. Hit er det i dag lagt europaveg og ferjestøer for ferjene over Boknafjorden.

For eit par tusen år sidan sto også sjøen inn i Arsvatnet og gjorde også det til ei framifrå hamn – i det minst til innseglinga blei for grunn. For den som var mykje knytta til sjøen, var såleis Are ein framifrå stad.

Litt om folk på garden på 1600-talet:

Erik og Ingeborg

Kring 1624 slo Erik Larsson og kona Ingeborg seg ned på garden. Han var født i 1597 og kom hit frå Håvarstein på Rennesøy. Dei to sat sidan åleine med heile Are til i 1664 då Tollak Olsson tok over. Etter dette året blei garden delt i to bruk for godt.

Om Erik og Ingeborg er det å seia at dei sat svært godt i det. Sidan dei dreiv heile garden åleine, hadde dei meir av det meste enn andre bønder i bygda. Erik var mellom dei beste skattytarane i bygda på line med storbønder som Ola Nerabø og Gregorius Sæbø. Ikkje minst hadde dei nytte av sjøen. I deira tid fanst det eit "Laxszefischerie" som rett nok ikkje var av større verdi mot slutten av 1600-talet. Vidare var her eit "Ringe Machrell fischennde". Garden låg òg ved leia, dette var den aller fyrste staden folk kunne ta land når dei segla opp over Boknafjorden anten frå Byfjorden eller



Flyfoto av Are før dei fekk elektrisk straum i Bokn.

Mastrafjorden. Men dette blei ikkje rekna som nokon fordel for garden: "Liigger i stoer Alfare Weye, huor af besidderne Iche Ringe betyngis" heitte det i matrikkelen i 1668. Bonden på Are skulle gjestfritt opna dørene sine for ferdafolk og ikkje venta noko vederlag korkje for mat eller overnatting. Elles låg garden nær opp til mange gode fiskeplassar, t.d. Arsgrunnen. Under vårsildfisket var det òg vanleg i periodar at silda søkte seg til strendene her.

Ein gard å trakta etter

Elles var jordvegen god. Tretti kyr og to hestar talde matrikkelkom-misjonen opp i 1668 – ein større boling enn hjå nokon annan bonde i Bokn og tri gonger større enn hjå gjennomsnittsbonden. Vidare rådde dei over 14 – 15 mål åker, om lag det doble av gjennomsnittet. Og åkeren var god. Medan dei på gardar flest avla mellom fem og seks kilo korn av kvart kilo dei sådde, hausta dei 7,2 kilo på Are! Kornavlinga blei etter dette kring 4,2 tonn, også dette det doble av gjennomsnittet i bygda! Are var ein gard å trakta etter!

Rotter, mus og trolldom

Erik og Ingeborg hadde likevel sitt å stri med. Blant anna var dei fælt plaga av rotter og mus – alvorleg nok i ei tid då livet var kytt til at ein greidde berga nok av kornavlinga vinteren over og til neste avling. Dei leigde difor den kloke kona Anbjørg Qlsdotter frå Sæbø for at ho skulle driva bort skadedyra. Og når ho fyrst var

på garden, betalte han henne for at ho skulle lesa ”i salt och Brød” for han så han skulle gjera godt fiske med nota si.

Men i 1633 då Anbjørg blei stemnd for å ha fare med trolldomskunster, drog ho òg med seg Erik. Han greidde likevel fri seg frå mistankane ved at heile almugen vitna til fordel for han.

Vonde rykter, knivstikking og slagsmål

I ettertid gjekk det likevel nokre vonde rykte. Det var ikkje langt over fjorden til Rennesøy der Erik kom frå. Dit rakk rykta om at Erik kanskje var noko slag trollmann. Nyttårsafta 1640 var Erik på gjestebod på Håvarstein. Der rauk han i tottane på Rasmus Nordbø. Rasmus, som var god og full, takka Gud for at han iallfall ikkje var nokon trollmann. Sidan drog han kniv og stakk etter Erik. Heldigvis greip Ivar Halsnøy inn og fekk slått bort neven så han bare traff bordplata. Dinest slo han etter lensmannen med handa. Men då dei blei edru att – på bygdetinget – hadde alle bare godt å seia om kvarandre!

Krigen stel arbeidskrafta

Eit anna problem Erik og Ingeborg sleit med, var å halda på arbeidskrafta i krigstid. Særleg var dei ille ute i 1658. Fyrst blei ein dreng dei hadde, kalla inn til hærte-neste. Dinest skulle dei gje frå seg ein son – Anders – som låg sjuk heime. Anders møtte difor ikkje på utskrivning, og futen gjekk på Erik fordi sonen ikkje møtte. Det ende med at Erik laut stikka sju dalarar til futen for å roa ned saka.

På denne tida tok Erik og Ingeborg til å trekkja på åra, Erik var 61 år nå. I 1664 drog han seg difor litt tilbake og let den 30 år gamle svigersonen Tollak Olsson frå Nerabø ta over på garden. Som rimeleg kunne vera, var Tollak av noko av den beste ætta som var på Bokn, stefaren var såleis lensmannen Johannes Nerabø.

Erik og svigersonen levde godt i lag og dreiv garden på rimeleg vis. Truleg var det frå denne tida at garden permanent blei delt i to bruk, det eine på 42 og det andre på 12 spann kornskyld. Litt vanskar var det sjølv sagt, hausten 1669 var lensmannen etter Tollak for ei øks han skulle ha teke ulovleg på Stakkestad der bror hans budde. Men dette fann Tollak og broren ut av på minneleg vis.

Katastrofa

Så – sommaren etter – skjedde katastrofa. Erik og svigersonen hadde ein dag vore på sjøen med nota. Dei var komne i land og dreiv og breidde ut nota på det søre skjæret. Medan dei dreiv på med dette arbeidet, let det til at Erik ved eit uhell rispa borti Tollak med kniven.

Det må ha blødd ein del, for Erik stokk og stakk av. I medan hjelpte Anders Laupland den skadde heim. Det må ha gått vondt i såret, for Tollak blei bare sjukare. Per Klungtveit, som gjekk kring som eit slag lege, blei tilkalla. Men han kunne lite gjera. Til han sa Tollak at han tilgav svigerfaren av fullt hjarta og at han sjølv

hadde vore uforsiktig og var vel så mykje årsak til skaden som Erik.

Tollak heldt fram med å svekkjast. Til sist kom pres-ten – Hr. Hans Jakobssen – frå Skudenes. Også til han sa Tollak at det heile var eit uhell og at skaden ikkje var gjort med hensikt. Det var helst naudverge frå Erik si side.

Tollak dør og Erik rymmer

Etter 24 dagar døydde Tollak og Erik rymde. Men hendinga blei rekna som drap og kom fyrst opp for bygdetinget, sidan for i rådstoveretten i Stavanger. På begge tinga sto slekta fram og bad om nåde. På bygdetinget sto alle syskena til Tollak og ba om fred for Tollak. Og i Rådstova tilbød slekta seg at ho ville bøta for livet til Erik. Men skrivar og fut heldt fast ved at når gjerningsmannen hadde rymd, hadde han etter lova teke på seg ansvaret for drapet. Dommen blei difor at Erik skulle avrettast så snart han blei gripen og alt han måtte skulle inndrivast til krona. Sidan blei det ei tid armod i slekta, ikkje minst for Mari Eriksdotter, enka etter Tollak. Ho gifta seg rett nok straks etter med Olav Guttormsson frå Vatnaland, men han døydde alt i 1676 og let etter seg Mari og den vesle sonen Tollak.


Etterpå var det tungt

Alt same året som dei hadde gifta seg, hausten 1671, blei Olav stemnd for ei gjeld på to dalarar som laut betast før jul. Og Elias, sonen til Erik som blei buande på foreldrebruket på Are, blei i 1674 stemnd for 70 kilo torsk som han skulda biskopen ”for tvende Aarring”. Det var elles Elias som tok over etter at Olav døydde.

Alt som var etter Olav i 1676, var eit par kyr, tri sauer med lam og eit par geiter. Elles var det ei seng med sengetøy, nokre gryter, ei sylvskein og nokre åkleder i buet. Elles fanst det 185 kilo korn – nok matkorn for eitt år for ein person – og ein heil del fiskereiskap. Men jamvel dette vesle fekk ho vanskar med å behalda. Bror til Olav, Ivar Vatnaland, stemnde tri år etter Mari for tinget for urett arveskiftet. Såleis ville han at ho skulle gje frå seg både klede, mat og gods frå arvebuet. Om ho verkeleg kunne eller ville levera dette godset tilbake, tier soga om.

Mari og soldaten frå Tysvær

Men elendigheta var ikkje slutt med dette for Mari. Etter at ho mista andre mannen sin, hadde ho vanskar med å finna ein ny. Så søkte ho trøyst hjå Knut Larsson, ein utskriven soldat frå Klovning i Tysvær. Det gjekk ikkje likare enn at ho blei på veg – så var styresmaktene etter henne at. Eigentleg skulle saka opp sommaren 1680, men broren Elias lukkast i å få sett ut saka til året etter. I mellomtida gifta ho seg med soldaten sin. Dei to heldt fram på bruket som Tollak og sidan Olav hadde bruka. Dei fekk også ein ny son i 1685 og kalla han Ola. Dei hadde eit lite bruk, bare tolv spann, men blei likevel akta folk i bygda. Kåre var både lagrettesmann og hadde verv for kyrkja.



av Lars Morten Kro

PÅ KRYSS & TVERS




Vinnarar
av september-oppgåvene blei:

Oppg. 1: Ivar Jordbrekk
Ognøy
Oppg. 2: Ivar Jordbrekk
Ognøy

GRATULERER!

(Jan Tore og Lars Morten Kro har stått for
trekninga).



- Julius Cæsar:
"Jeg kom , jeg så, jeg vant!"

- Kjent norsk forfatter:
"Jeg kom, jeg så, jeg forsvant!"

1 Løysningar!!

R	E	L	L	I	P	S	T	T	E	S	S	A	K
A	M	K	R	Ø	L	L	T	A	N	G	A	N	E
N	I	R	E	K	R	Ø	T	R	Å	H	X	T	B
R	K	A	F	F	E	T	R	A	K	T	E	R	R
E	R	G	F	U	S	A	E	P	L	A	T	S	E
J	O	K	J	Ø	K	L	R	P	I	S	V	T	T
E	B	A	E	R	I	N	E	A	F	F	K	Ø	S
K	Ø	A	R	E	M	A	K	O	E	D	I	V	I
Y	L	P	N	G	D	A	O	I	R	Y	T	S	R
R	G	L	S	H	N	E	K	D	K	A	G	U	D
T	E	G	Y	A	Å	B	N	A	M	V	Y	G	Ø
S	O	N	N	S	H	J	N	R	I	S	L	E	R
Y	V	A	S	K	E	M	A	S	K	I	N	R	B
N	N	E	A	V	U	Ø	V	R	Y	F	M	O	K

SPÅDOMMER:


Disse spådommene var seriøse då,
men er litt morsomme nå!!

- "Den største krigen av alle (1.
Verdenskrig) er ikke bare en
krig, men den siste krigen!" -
- H.G. Wells; 1914 -


- Dette er det største mistaket
vi noen gang har gjort... Bom-
ben vil aldri gå av! -
- Us Admiral William Daniel
Leahy, rett før atombombe- prø-
vesprengningene skulle begynne i
1945!

2

V	A	R	E	B	I	L
Å	R	E	L	A	T	E
P	R	I	S		A	V
E				A	V	L
N	Æ	R		E	I	
	R	Ø	Y		A	P
H	E	D	R	E		Å



...Så var det hanen
som fikk seg en ny
jobb som vekker-
klokke...!!




NYE OPPGÅVER

Innleveringsfrist: 1. november

Namn: _____

1



Puslekryss:

3 bokstaver
BRA, EIE, PIL, ROT, SVI,

4 bokstaver
GULL, HINT, SKIP

5 bokstaver
AGENT, AKTIV, ANDEL,
ENSOM, GRIND, MARSJ,
SPISS, TØRST

6 bokstaver
ENTALL, GLASUR,
LAKRIS, SOLRIK

7 bokstaver
AKTUELL, FEILFRI,
VAKTSOM

8 bokstaver
FJÆRHATT, KOMPLEKS,
OVERFALL, PUTEKRIG,
RAKETTER, REAKSJON

10 bokstaver
MEDIKAMENT
PLANLEGGER
VETERANBIL

2

Mini-kodekryss 2!!

Til
deg som ikkje fekk det heilt til: Prøv igjen, for her
er en ny sjanse! Som forrige gong er målet å fylle ru-
tene med bokstaver. Kvart tal er ein eller annan
bokstav i alfabetet,

OBS! Alfabetet er stokka på!

1	B	2	E	3	G	4	I		19	18
13	5	18		16	15					
5		20	19	2	7	7				
	21	7	22			20				
3	5	2	7	9		21				
23	22		17	20	11	2				
14	24		2	9	18	12				



BARNEHAGEN
INFORMERER



BOKN BARNEHAGE TRENG DI HJELP!!!

Bokn barnehage skal i haust ha fiske som temaarbeid. Når me har fått på rednings-vest og passande klede, dreg me ut for å sjå kva som lever i hav og vatn. Me fiskar med pilk og dorg, dreg garn, teiner og anna reidskap. Det er spennande for både store og små.

Nå er det slik at me kunne tenka oss å knytta til oss andre fiskarar i kommunen. Om det er hobbyfiskarar eller meir profesjonelle fiskarar spelar ikkje så stor rolle. Det me håper å få til er å gje borna eit overblikk på kor allsidig begrepet fiske er.

Kunne DU tenka deg å delta i

barnehagens temaarbeid??? Ta med deg ein unge

eller tre saman med minst ein av personalet ut på sjøen og visa korleis DU fiskar og kva DU får opp over vassflata? Det me håper på er at det er nokon som synest at det kunne vera interessant å gje borna opplevingar og kunnskaper om ulike fiskemetodar.

Ta kontakt med barnehagen på tlf. 52 75 25 70, Kjetil på 52 74 82 53 eller Åse på 52 74 85 88 for ein uforpliktane samtale.

Barnehagen ventar spent på din telefon.

Kjetil Hamre



Kva inneheld teina i dag? Fv. Remi André Jøsang, Andrea Hognaland og Maria Nilssen fylgjer spent med mens Kjetil får svetteperler i panna.

Foto: Jarle Haakonseth



Du kan spare lønnsomt til barna i aksjefond!

Spør oss om spareavtale i ODIN Norge.

Vi anbefaler regelmessig og langsiktig sparing.


SpareBank 1 SR-Bank

BOKN

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED




BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av rør og kummer.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

Hjertelig takk for oppmerksomheten ved vår mor Olga Alvestads bortgang.

Takk og til alle på Bokn sjukestove.

Aud, Per, Odd, Steinar

Ja, tenk som tiden går, nå er også jeg blitt 50 år.

Hjertelig takk for oppmerksomheten til dagen!

hilsen
Reidun Grønnestad

Hjertelig takk for gaver og helsingar på 75 årsdagen min!

Asta Hognaland



HÅRSMIA



- ✂ Fører Goldwell-produkter
- ✂ Trendline
- ✂ LC2-serien
- ✂ Dagswax-produkter

Er nykurset i kreativ langhåroppsett
Teach klipp + farge

Åpent etter avtale – Timebestilling 52 74 86 47
Mona Våga

20 RUNDBALLER

av god kvalitet til salgs.

Henv. Olav G. Larsen, Austre Bokn,
tlf. 52 74 84 07

NB!

HELSE-
STASJONEN
ER STENGD
TORS DAG
26. OKT.



BOKN KOMMUNE
SEKSJON SOSIAL

TILSKOT TIL TRANSPORT
FOR ELDRE OG
FUNKSJONSHEMMA

Eldre og funksjonshemma får refundert 50% av utgiftene til drosjetransport innan visse rammer i kommunen.

Ta vare på kvittering og kontakt sosialkontoret.

UNGDOMSARBEIDAREN
er å treffa på Boknatun
tysdag og onsdag.

Direktenr. 52 75 25 12

Ann Kristin Grønnestad
ungdomsarbeidar

BOKN FYSIOTERAPI
Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI
kvar fredag på
legekantoret
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut

Frå 1.
nov. blir
terapien
flytta frå
fredag til
onsdag.

SONETERAPI/NATURMEDISIN
ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Vea – heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET
Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET
Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	Nye mobiltelefonnr.
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordførar Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/fredag 08.00 – 15.00	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster tysdag/torsdag Open helsestasjon torsdag	Marie L. Faye
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Annette Bokneberg
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54 98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlege	Anita Knutsen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

STORT FORSIDEBILDE

Opning av Tusenårsplassen, foto: Jardar Havikbotn

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy

51 72 32 87

946 70 873

TIDLEG INNFLYTTINGSGÅVE

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

20. september var barn frå barnehagen i banken for å motta innflyttingsgåve på forskot; 12 flotte redningsvestar.

- Dette var midt i blinken for oss, seier barnehagestyrar Jarle Haakonseth til Bokn Bygdablad. – Barnehagen har fiske som tema denne hausten, og nå kan fleire ungar om gongen vera med på spontane båtturar når veret tillet det. Ikkje alle har redningsvest heime. Avdelingssjef Olav L. Rossebø nikkar. – Intensjonen til banken var å hjelpe til med ei fleksibel løysing i forhold til prosjektet dei har starta på. Fire av vestane er til barn frå 0 – 15 kg, og nå kan også dei yngste barna vera meir med på dei ulike aktivitetane.

Bokn barnehage, som i dag har 29 barn og fleire på venteliste, har så smått begynt å merka flyttesjauen. I oktober skal dei inn i det nye flotte bygget i Føresvik, og det er skule vera unødvendig å seia at dei gler seg stort.



Foran fv. Niklas Kjellesvik, Regine Nilsen, Tommy Kjellesvik
Midtrekke fv. Andreas Våga, Remi Andre Jøsang, Maria Nilssen, Faltin Våga
Bak fv. Kunderådgevar Kari Høyvik med Torgils Hognaland, kunderådgevar May Jorunn Vatnaland og avdelingssjef Olav L. Rossebø

3. KLASSINGAR OM ÅR 2000



Martin: Eg tenkjer ikkje på noko... Eg har ikkje fått tid til å tenkja. Det begynner å koma noko no...Eg veit det no! Eg vil ha litt fleire rakettar. ...Eg må tenkja litt til...



Vilhelm: Det var gøy på nyttårsafta. Me hadde rakettar. Dei var fine. Rakettane smalt høgt.



Vidar: Tusenåret og nyttårsafta er bra. Det var fine rakettar.